

Undervisingsressurs om Grunnlova

Grunnlovparagrafar

Under finn du eit utval grunnlovparagrafar, skrivne i eit forenkla språk som passar for born. Klipp gjerne ut paragrafane og la elevene lese dei høgt, før klassen i plenum diskuterer kva dei tyder.

§ 1

Noreg er eit kongerike, som er eit fritt og sjølvstendig land.

§ 16

Alle som bur i Noreg, har lov til sjølv å bestemme kva for ein religion dei vil tru på.

§ 36

Ei prinsesse eller ein prins med arverett til den norske krona kan ikkje gifte seg utan at kongen har gjeve lov til det.

§ 96

For at nokon skal dømmast, må dei ha brote ei lov.
Ingen skal straffast utan at dei er dømde for eit lovbrøt.

§ 100

(Ytringsfridom skal det vere.)

Det er lov å tenkje, seie og skrive det ein sjølv vil.

